


## Sørsamane eller finnane i Nord-Østerdalen

*Del I fram til 1650*

I den siste tida har det i mange land blussa opp ei interesse for dei såkalla urfolka. Slik også hos oss, og da gjeld det sjølsagt det samiske folket. Men det har vore mest blåst om samane i Finnmark. Dei lenger sør har lenge gått for lut og kaldt vatn. Det er heller ikkje att så mange av desse sørsamane, så det er på høg tid at det som er att av språket og kulturen deira vert forska og tatt vare på. Eg skal forsøke å samle noen tråder tilbake til dei tidlegaste tider og fram til i vårt århundre. Eg skal konsentrere meg om Røros og Nord-Østerdalen, men må sjølsagt ta med eit større sørsamisk område for å få samanhangen aller lengst tilbake, der forskinga fortsatt famlar i mørke.

Solsidas folk kalla visstnok samane seg frå gammalt av. Det var i motsetning til bumennene som var nattsidas folk. Dei meinte at dei hadde vore fordrivne av bumennene og var redde for å møte dei i fjellheimen. Derfor pla dei huje mot menneske dei fekk auge på. Kom det svar tilbake, forsto dei straks at dei hadde å gjøre med noen frå den rette sida - solsida. Dei hadde ei instinktiv redsle for den fastbuande, fortel Olav Kvikne, om samane omkring Bergstaden.

Går vi tilbake til bronsealderen finn vi verkeleg to kulturar her i landet. Frå nord strekte det seg ein fangstkultur frå Kola-halvøya ned til dei indre delane av Trøndelag og langt ned i Østerdalen. Merkelig nok virkar det som om det ikkje har vore alt for stor kontakt mellom disse kulturane, sjøl om den geografiske avstanden ofte var heller kort. Arsaka er trulig at livsformene og måten å få tak i mat på var så ulik. Det var kan hende meir naturleg for fangstfolka å søke østover langs dei store nordsvenske vassdraga til finske folk som sto dei nærmare i levesett, enn dei nye jordbrukarane som trengde inn



i landet sørfra. Denne kulturgrensa merkar arkeologane alle-  
reie i funna fra steinalderen.

Enda meir interessant er det at denne grensa går om lag der  
skiljet var mellom nordmenn og samar etter at vi fikk skiftlige  
kjelder. Så det ligg snublande nær å tru at det er finnane eller  
samane som har vore urfolket i landet. Urnordisktalende må  
ha komme med jordbrukskulturen om lag 3000 år før Kristus.  
Jørn Sandnes kjem med ein teori om at det har vore eit anna  
ikke-germansk folk, men korfor konstruere ukjente menneske  
når ein visseleg har eit folkeslag i Søre Noreg som ein faktisk  
kan følge spora til så langt tilbake som det fins skriftlige  
bevis?

Ein av dei eldste kjeldene er den gotiske forfattaren Jordanes  
som levde på 500-talet. Han reknar opp ei mengde folkestam-  
mar i Skandinaiva. Her førekjem Screfinnae, Finnae og  
Finnaithae i ein samanheng som får ein til å tru at eit par av  
disse folka må ha levd heller langt sør. Også den greske histo-  
rikaren Prokopios på same tida fortel om skrere finnaene. Han  
skildrar dei som et vilt, skinnkledt folkeferd som kom ned frå  
fjella og skogen der dei hadde heimane sine. Dei vart kalla slik  
for dei hadde ski som dei sklei på. Finnaithae kan kanskje vere  
Finnveen i Småland, og elles fins det fortsatt namn i Sør-Noreg  
som Finnøy, Finnafjorden, Finnås, Finse, Finne (Voss),  
mange Finnstad, Finnland og Finnset. Det første er namna på  
større område, dei andre på svært gamle gardar.

Lierne i Nord-Trøndelag het i eldre tider Finnlierne, og det  
vert fortalt at dei eldste samane der dreiv med fangst og fiske,  
og ikkje reindrift. Det er da trulig at disse gikk meir og meir  
over til gardsdrift, slik at det har vore vanlig i dei fleste sam-  
funn av liknande type. Ein må da tru at det har vore på same  
viset lenger sør. Eit godt eksempel på det er garden i Valdres  
som het Bufinn øydegard og vart overdratt i 1485. Ein bufinn  
var da ein samisk veidemann som vart fastbuande. Kan det  
også ha vore ein slik bufinn som hadde med seg ein rune-  
bommehammar i grava si på Nordset? Grava er også frå tida  
etter Svartedøden.

I Snorres saga om Harald Hårfagre seies det at finnane var  
gode til å gå på ski, slik det vart fortalt og skridfinnane langt  
tilbake. Det eldgamle skifunnet frå Alvdal har sikkert til-


knytting til veidefolk, men om no disse var finnar eller urnordisktalande, er vanskelig å vite noe om idag. Men fleire stader vart det sagt at det var finnane som var først ute som skiløparar i landet vårt.

I denne saga nemnes finnekongen Svåse som skal ha budd nær garden Tofte i Dovre. Harald hadde treft denne finnen nede hos faren sin Halvdan Svarte på Hadeland. Kong Halvdan hadde skulda denne finnen for trolldom. Seinare gifta Harald seg med dottera til Svåse, ho som bar det vakre namnet Snøfrid. Det kan i denne samanhengen vere interessant å trekke fram dei funna av pilespissar som er gjort i Oppdalsfjella. Dei er frå mellomalderen, og er haldne for å vere samiske i forma. Olav den heilages saga nemnes Finn Litle som skal vere frå Opplanda, og av finsk ætt. Han kjente alle vegane rundt på Opplanda, seier saga. Og elles var han liten av vekst, men betre bogeskyttar og skiløpar enn dei aller fleste på den tida.

Også lovene frå den tida fortel eit tydelig språk. I Eidsivatingslova frå 1129 står det at folk ikkje skal tru på finn eller trollkvinner. Om ein mann «fær til finnar» skulle han få streng straff for det. Det var heidenskap. I Gulatingslova står det ikkje noe om dette, så ein må tenke seg at disse finnane må ha budd nær eller innafor lagdømmet til Eidsivatinget. Denne grensa kan ha gått mellom Tylldalen og Rendalen, om lag der den eldgamle kulturgrensa gikk.

I Historia Norvegiae frå kong Sverres tid, slår forfattaren fast at landet vårt er delt i tre soner. Det er kysten, så er det midtlands og fjella, og til slutt er det ei skogsone. Denne sona kan vel ikkje vere anna enn Østerdalen og med Härjedalen og Jämtland? Forfattaren seier at folket her er finnar, og at jorda ikkje er pløgd. Vidare er folk her særst flinke jaktfolk, bur i nevertelt som dei ofte ber med seg, når dei renner på ski, eller kjører rein med familien. Skatten betalte dei med skinn. Forfattaren nemner også rundebomma. Ei slik sjamantromme hadde også ein hammar. Og nettopp ein slik hammar vart funnen i ei mellomaldergrav på garden Nordset, der St. Simonskyrkja ein gong sto i Øvre Rendalen. Sjølve grava skal visst nok vere frå 1400-talet, mens ornamenteringa på runebommehammaren skal vere frå om lag år 1000. Hossen kan denne runebommehammaren hamna i denne gravhaugen? Er

det slik at dei finske veidefolka tok over tomme gardar etter Svartedøden? Det vart jo litt av eit romrom i fjellbygdene i lang tid. Ein må langt inn på 1600-talet før busettinga i Nord-Østerdalen kom opp på det gamle nivået. Det hevdes også at veidefolket ikkje vart så hardt ramma av pesta som det fastbuande nede i dalene der vegane gikk. Ei segn frå Selbu fortel



Dokument frå 1660.

nettopp om dette forholdet. Der var det att ei jente etter masse-døden. Ho gifta seg med ein finn. Og derfrå skal folket i Selbu stamma, vart det sagt.

Det er mye sanning i sagn, seier mange historikarar. Vi skal derfor stoppe litt opp for noen av sagna og mytene frå gammal tid i Nord-Østerdalen. Vi er no på kanten av dei vitenskapelige kjeldene, men dette er no inga slik avhandling, bare eit forsøk på å få oversikt over eit glømt stoff i historia vår.

Sagnet om Solernkongen som budde på øya i Femund fortel om ei heidensk tid. Han førte krig med steinar mot fienden sin

på østsida av Femund, men vart tvinga til å gå over til kristendommen og vart driven bort frå fiskeplassane ved Femund, Sølensjøen og Isteren. Det er jo rendølane som har mange av disse i dag, så sagnet fortel tydelig ei historie om kampen mellom veidemann og bumann i mellomalderen. Buskapen til Solernkongen var elgsdyr. Det eldgamle fangstsystemet i samme området var jo nettopp brukt til å fange elg! Elles for han til Nidaros på stålski. Dottera hans vart gift til den store og gamle garden Lomnes i slutten av vikingtida.

Sagna frå Tyllidalen er også interessante, og mange avspeglar mye av det samme tilhøva mellom veidemann og bumann, heidning og kristen. Det vert elles fortalt at Tyllidalen vart bebudd av ein flokk som kom frå grensebygdene i Sverige. Var dette sant, må dei ha vore finnar, da det ikkje var fast busetting i disse stroka før på 1600-talet.

I Härjedalen finn ein samiske stadnamn på eit kart fra 1645, det vart brukt sørsamiske namn på fangstgravsystema, og elles vart det tatt til fange ein same der i 1485. Han vart synt for kong Hans i Kjøbenhavn same året. Han hadde da ski på beina som også hadde vore eit sjeldsyn for det dansk-tyske hoffet der.

Jacob B. Bull meiner at det er noen namn og funn i Rendalen som syner at det har vore finnar i fjella der i mellomalderen og før. Sørilig er det Kivsjøen som har med kivi å gjøre. Og kivi skal visstnok vere eit finsk namn for stein. Elles skal det ha vore funne ei spenne av finskugrisk form i Finndalen under Berge. Den låg i ei grav frå vikingtida. Også ei fiskesøkke av arktisk art skal ha vore funne i Rendalen, fortel Bull.

Bull trur også at den mytologiske kampen mellom æsar og jotner fortel om motsetningane mellom det arktiske folket og innvandrarane sørfrå. Det er jo slik at gudeheimen som oftast synte hossen det var mellom menneska. Forskarane har brukt gudelæra vår til å forstå og lære mye om tida føre vikingetida. Og skulle mytologien ljuge om denne konflikten?

Bull er også inne på at trua på dei underjordiske og tuffekallane kan stamma frå den tida da bondefolket søkte oppover mot fjellet og råka eit stuttvokst folk med fargerike kledplagg. Og kjem den rike folkefantasiaen i tillegg, så kan jo lesaren tenke seg til resten! I Rendalen vart dei små kalla verj. I



*Samanane i Norden, slik Olaus Magnus skildrar dei frå 1500-talet.*



Foraldarsogur er dvergen Varr smed. Varar kan også tyde vis og kundig. Dei var jo også trollmenn dei gamle finnane!

Sjølvsagt kan Verjåa ved Os og Våråa ved Finnstad ha med ulv og varg å gjøre, men korfor ikkje også Verj? Eller Varr?

Fjellnamnet vord eller vol er utbreidd i området der det trulig har vore sørsamar i mellomalderen og før. Det kjem av det urnordiske vardu. Dette ordet liknar svært mye på det sørsamiske ordet for fjell som er varre. Om det har vore lån frå urnordisk til sørsamisk eller omvendt, veit ikkje eg. Varr kan da tyde på ein person som kjem frå fjell-verdu eller varre! Verjåa og Våråa kan da tyde elva som kjem frå verdu eller varre. Omlyden frå a til e eller æ har vært svært vanlig i norsk, så her er det ingen språklig problem som ligg i vegen for tolkinga. Elles må lånet ha skjedd før u-lyden endrar vardu til vord, det vil seie i tida 500-700 e.Kr.

Andre interessante sagn er om heidningane i Jutulhogget og finnen i Røsjødalen som kvart år kjørte sølv til Koppang. Han hadde ei sølvåre i Røsjøkletten. Denne ferda til Koppangsmartnan var ei diger ferd med mange gilde reinar med store sølvlass. Rikdommen grov han ned i Røsjødalen, vert det sagt. Denne finnen døde så brått at han ikkje fekk fortalt noen kor skatten ligg. Når ein veit at martnan på Koppang tok slutt i mellomalderen, så er historia trulig ganske gammal.

Lengst nord i Rendalen ligg den gamle grenda Finstad (Fenstad 1540) Der har det heilt sikkert vore gardsdrift i mellomalderen og gjerne noe før. I alle fall er dei fleste namna som endar på stad frå vikingetida. Så her er det nok ei rett gammal tuft. Elles er det fortsatt svært mange navn med forstavinga finn i Nord-Østerdalen. No er det sjølvsagt ikkje heilt greitt å finne ut kor gamle disse namna er, men elles fins det mange nærmast urgamle navn i Nord-Østerdalen. Jacob Breda Bull nemner at finnane i Finndalen skulle passe på Sølenskar-det i 1670-åra. Heilt nøyaktig kor denne finndalen låg, veit ikkje eg, sjøl om eg har spurt mange rendøler om det.

I fredstraktaten frå 1658 da Trøndelag gikk tapt for tvillingrika for eitt par år, nemnes det at grensa skal få ved Finnfjellet i Kvikne. Ein må tru at Finnane må ha vore ei god stund der før eit så pass stort område fikk namn etter dei! Jacob B. Bull siterer forøvrig gamle finstadingar som sa at grenda opphavlig



hadde vore vinterbustad for finnar. Bull trur også at det var finnar i rendalsfjella før rendølene begynte å utnytte fjellet og bygge sætrer på midten av 1600-talet. Sjølsagt kan mange av dei namna eg har funne vere frå nyare tid, men minst tre av dei er altså gamle.

Ser vi inn i sjølve Trøndelagen att, finn vi i den gamle Frostatingsloven ei menneskegruppe som vert kalla rekstegn. Det har trulig vore frie menneske som har flakka ikring (etter verbet å reke og rekster som navn på gamle vegar). Nord-Østerdalen låg trulig innafor tingområdet, så disse folka kan også ha hørt Nord-Østerdalen til. I alle fall må dette ha vore veidefolk og trulig av samisk ætt. I tilknytting til dette kan det også nemnas at i Odd Munks saga om Olav Tryggvason vert sagt at kongen oppsøkte ein trollkundig finne som budde ved Trondheimsfjorden.

Noen forskarar trur at det kan ha vore to typer samar i Trøndelag og Nord-Østerdalen i mellomalderen og seinare. Det var veidesamar eller rekstegn som var den aller eldste kategorien, og så dei som vandra inn seinare frå nord saman med reinflokken sin. Dei siste kan ha vore dei som vandra sør-etter inn i tomrommet etter Svartedøden. Så både dei som meiner at sørsamane kom seint sørover og dei som hevdar at det har vore finnar ellers samar langt tilbake i tida, kan ha rett, ser det ut til.

Ein av grunnane til at det ikkje har vore heilt lett å finne sikre spor etter samane i sør, er at dei har vore eit veidefolk. Dei hadde ikkje skriftspråk. Gjenstandane deires vart forvittra av tidas tann. Buplassane i fjellheimen er ikkje lett å oppdage og i det heile har det vore svært lite av systematisk gransking etter funn etter dette folket. På den andre sida er det svært lite ein veit om bøndene i Nord-Østerdalen frå mellomalderen også, da kan vi heller ikkje vente å finne alt for mye konkret om eit veidefolk som har alle granskingsoddsa mot seg! Det er først på 1600-talet da prestane, sorenskrivarane og futen vart pålagt å føre bøker, at vi får god greie på dei fastbuande bøndene i fjellbygdene. Og det er også da dei første skriftlege bevis på at finnane var til stede, dukker opp. Blant anna kjenner vi til tre klagebrev på finnane. Eit er fra Sverige, det andre frå Len (1632) og det tredje frå Tynset.

Det var bøndene i det noverenda Tynset, Alvdal, Tolga og Vingelen som vitna mot finnane. Dei sa at inntrengarane hadde øydelagt skogane. Derfor hadde dei tatt 100 rein frå finnane, men ei natt hadde dei komme og tatt dyra sine tilbake. Dei etterlot to som dei skjôt, kanskje for å blidgjøre dei fastbuande. Elles hadde finnane tatt tre elgsdyr og to bjørnar som dei hadde jaga oppover til Savalen, vart det sagt.

Bøndene kan også fortelle at ein finne Torkel Mortenson med kone og tre barn hadde funne seg ein bustad ved Hummelfjellet. Saman med dei var en liten bror kalla Vesl-Torkel, og ein husmann som het Fattig-Jon, Bøndene hadde lett etter dei, og fann dei ved Buhøa ved Siksjøen. Finnane hadde da gitt frå seg ein elghud til dei sinte bondemennene. Bøndene hevda også at finnane hadde dukka opp der for ti år sia.

Seinare om høsten hadde Jon Aasen, Peder Vangen og Jacob Elflien (Erlien?) funne finnane i fiskebua til Jon Aasen ved Siksjøen. Der hadde finnane hyttene sine. Dei hadde også satt opp eit stabbur, så det var tydelig at dei var i ferd med å slå seg ned der. Bøndene tok to reinsdyr frå finnane ved Siksjøen, som Tore Aasen leverte til futen. Denne finne-familien hadde minst seks hundre dyr, var det sagt i retten på Neby.

Hossen saka gikk, veit vi ikkje, men endelig står vi direkte ansikt til ansikt med finnane etter å ha famla rundt etter dei i fjell og vidde i mange sekundære kilder. Vi er altså i 1643. Verket på Kvikne er i full gang. Snart blir det også funne malm på Rørosvidda av Hans Aasen. Elgen er freda, da den var i ferd med å bli utrydda. Styresmaktene ville ikkje lenger ha skinn som betaling for skatt. For no hadde motene skifta i Europa. I staden er kongen blitt svært så interessert i malmer og skoger. Slik vart det også slutt på å få smør, tøy og mjøl som bytte for skinna. I denne tida gikk også dei sørsamane som dreiv med rein, over til meir kjøttproduksjon. Derfor økte tamreinflokkane, mens det vart mindre plass for villreinen som mange bønder jakta på. Og villreinen hadde vore god å ha til mat og klede for såvel veidemann som bu-mann. Samstundes vart det meir og meir vanlig å bruke kuler og krutt på jakta. Det var også mye nyrydding på denne tida. Øydegardane vart tatt i bruk at, og innbyggertalet steig raskt i



*Runebommehammeren frå Øvre Randalen. (Foto: Universitetets Oldsaksamling.)*

Nord-Østerdalen. For bergverksdrifta trekte til seg mye folk utafrå.

Derfor er det lett å trekkje konklusjonar om korfor det kjem til samanstøyter mellom folket nedi dalen og viddas barn. Her er det næringsinteresser som kolliderer. No veit eg ikkje noe om dommen. Det veit vi heller ikkje i ei sak frå Alen i 1632, der det også har vore konfrontasjonar mellom butegn og rekstegn. Trulig hadde ikkje futen noe imot finnane, og særlig viss han no etter hvart kunne få litt skatt av dei eller andre gode gaver. I alle fall fer finnane Morten og Jon ned til futgarden i 1660. Dei hadde med tre reinsdyr som dei skal ha med til statholdaren Niels Trolle på Akershus. Det er futen J. Bang som gir ordre om at skysskarane skal frakte Morten og Jon finn trygt tilbake til Røros. Dette dokumentet hamna til slutt i Vingelen, der det vart funnen for noen år sia. Passet er skriven under av J. Bang på Borg som er futens gard. Dette kan vere garden Borg i Hof som trulig var futegard i Øvre Romerike og Solør fogderi. Finnane har da vore på Akershus med reinsdyra.

Året etter gir futen i Østerdalen klar beskjed om at såkalla «stripfinner» skal settas fast og sakene deires tas. Dette er vel ikkje retta direkte mot sørsamane, men heller mot noen av dei som kan hende levde av tigging. Ein «stripfinne» kan da tyde at ein streife omkring - av plattysk. I denne tida kom det mange lover om nettopp folk som ikkje gjorde nye nytte for seg. Ledigang var rota til alt vondt, meinte styresmaktene.

Trulig har det vore eit heller fredelig tilhøve mellom bumann og den samiske veidemann. Overdramatisering er ein kjend menneskelig veikskap. Og eg trur at dei samanstøytene som vi kjenner til, heller er unntaket enn regelen. Sjølv om både brevet frå Tynset, og ikkje minst det frå Alen tyder på bråk og uvenskap for ei stakka stund, glir det heile sikkert over etter hvert. Særlig da samane gikk over til kristendommen. For heidenskap er nettopp noe som tynsetingar og ålbyggene klega over. Dei skriv at finnane er ugudelige og at dei til og med har myrda ein Peder P. Almås i Alen. Dette mordet kan settas i samanheng med ei drapssak som vi virkelig veit om. Ein hel samefamilie vart myrda i Härjedalsfjella omkring 1652. Fire nordmenn var med på udåden, blant anna ein Jon i Haltdalen. Ein av disse vart visst henretta i 1653. Han hadde starta heila

saka da han kjøpte rein av samefamilien i 1630. Klaga frå Alen er samtidig ei klage på futen og skatten, så det var ikkje bare mot finnane skytset vart retta. Men dei var gode å ha med som sydebukkar, slik minoritetar alltid har vore i alle samfunn fram til idag.

**Framhald i neste årbok**